



Audun Eik og Kristian Bringedal rydda stranda frå Vågsneset til og med Holmen i dag.

**Strandryddinga og anna rydding er i gang. Med berre fire personar og ein båt vart det i dag rydda 10 sekker, eit bildekk og eit hagebord. Område var strandsona frå Vågsneset til og med Holmen. Ryddinga i dag var i regi av Uskedal utvikling og Uskedal Bålag. Ryddinga held fram og alle vert oppmoda om å bruka konteinaren, som står ved Gamleskulen, fram til 15. april.**

Uskedal utvikling er registrert hos SIM med ansvar for rydding. Dersom du brukar grøn sekk og ryddar strand og langs elv, bekker og vatn, er du med i talet for det som vert levert og betalt for. Ryddeaksjonen omfattar:

- Rydding i strandsona og vassdrag
- Rydding i nærmiljøet t.d. eit bustadfelt
- Rydding langs stiar og turvegar.

Arrangøren hadde nok venta betre frammøte i dag enn det som kom, men alt hjelper på og det er som sagt ikkje for seint å vera med for å gjera eit krafttak for miljøet.

Uskedalen.no oppmodar alle å ta eit tak. Hent grønne sekker på SPAR, i Båthamna eller hos Kristian Bringedal. Hugs at sekken vert synt fram og registrert før levering på SIM.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



10 sekker er klar for levering til SIM.